



SÆRUTSKRIFT

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/17	Kommunestyret	22.06.2017

Arkivsak	Journalpost	Arkiv	Saksbehandler
17/115	17/3048	140, &30	Cathinka Vik

Endelig forslag til ny kommuneplan (samfunnsdel 2017 - 2029)

Vedlegg:

Endelig forslag til ny kommuneplan (samfunnsdel) 2017-2029
Innspel frå Fylkesmannen i Oppland
Innspel frå Forum for natur og friluftsliv, Oppland (FNF Oppland)
Innspel frå Vestre Slidre Hytteforening
Innspel frå Olav Brenna Hansen
Innspel frå Anne Kari og Sissel Marit Vik
Innspel frå Oppland Fylkeskommune
Innspel frå Statens Vegvesen

Saksutgreiing:

Kommuneplanens samfunnsdel har vore ute til høyring i perioden 07.04.2017-19.05.2017 og er klar for behandling.

Bakgrunn:

Plan og bygningsloven § 11-1 krev at kommunen har ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel og ein arealdel. Formålet er at kommunen skal drive langsiktig planlegging for ei berekraftig samfunnsutvikling. I kommunal planstrategi for Vestre Slidre 2016-2019 (saksnr. 099/16, datert 24.11.2016) vert det vedteke at kommuneplanen skal reviderast i inneverande kommunestyreperiode. Dette inneber utarbeiding av ny samfunnsdel inkludert handlingsdel, samt revidering av kommuneplanens arealdel.

Samfunnsdelen som presenterast her gir overordna mål og føringar for utviklinga av kommunesamfunnet og for kommunen som organisasjon. Basert på kommuneplanens samfunnsdel vil det utarbeidas ein handlingsdel som skal angi korleis planane skal fyljas opp. Arbeidet med kommuneplanens handlingsdel vil samordnas med utarbeiding/revidering av andre planar i tråd med vedtatt kommunal planstrategi (saksnr. 099/16, datert 24.11.2016). Herunder ligg også vedtak om revidering av kommuneplanens arealdel.

I løpet av høyringsperioden 07.04.2017-19.05.2017 har det kome syv innspel til kommuneplanens samfunnsdel (innspela er vedlagt til orientering). Innspela er vurdert slik:

- Innspel frå *Fylkesmannen i Oppland*: Fylkesmannen er i stor grad nøgd med kommuneplanens samfunnsdel, men har følgjande innspel:
 - Fylkesmannen påpeiker at det er nyttig å sjå den fireårige handlingsdelen i kommuneplanen i samheng med økonomiplanen i kommunen. Som beskrevet i

kommunens planstrategi 2016-2019 er det eit uttalt mål at desse utarbeides som eitt felles dokument innan utgangen av inneverande planperiode.

- Fylkesmannen ber kommunen vurdere om satsinga på å oppretthalde den spreidde busettinga i kommunen er i tråd med jorvernstrategien og statlege planretningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging. Kommunen oppfatter det slik at bebygging på større tomter i grisgrente strøk er uprolematisk så lenge desse ikkje leggst på dyrka mark eller er til ulempe for dei som driv med landbruk. Som nevnt i kommuneplanen skal det utarbeidas ein plan for utvikling av Slidre og Røn som dei mest attraktive tettstadsområdene i kommunen. Det leggas også opp til utarbeidinga av ein regional bustadbyggingstrategi i samarbeid med Nord-Aurdal kor hensyna til høg arealutnytting vil vurderas.
- Fylkesmannen etterlyser meir konkrete mål når det gjeld klimasatsinga i kommunen, mellom anna når det gjeld hytteutvikling. Gjennom det regionale prosjektet «berekraftig hytteutvikling» jobber kommunen med korleis berekraft kan gjennomsyre hytteutviklinga i Valdres. Vaset nyttast som eit pilot-område i dette prosjektet. I samband med revideringa av regional plan for klima og miljø vil kommuneplanens satsing på klima, energi og miljø i samband med hytteutvikling i kommunen konkretiserast ytterligare.
- Fylkesmannen saknar ein meir forpliktande og overordna arealstrategi innanfor området hytteutvikling. Kommuneplanens samfunnsdel definerer Vaset som kommunens prioriterte hytteområde. I tillegg vurderer administrasjonen det dithen at det kjem tydeleg fram gjennom kommunen si satsing på landbruk og lokal matproduksjon – og som ei konkret føring under «langsigte arealstrategier» – at stølsområdene i kommunen skal skjermes for hyttebygging. Utover dette vil det gjennomførast grundige analyser i samband med revideringen av kommuneplanens arealdel (oppstart sumaren 2017).
- Fylkesmannen oppmodar kommunen til å vurdere kva utvikling som er ynskelig når det gjeld eventuelle hytteeigarars ynskje om busette seg fast på fritidsbustaden i kommunen. Dette vil vurderas nærare i samband med utarbeidinga av ny bustadstrategi for kommunen.
- Innspel frå *Vestre Slidre hytteforening*:
 - Vestre Slidre hytteforening etterlyser eit opplegg for evaluering mot mål i planen. Vestre Slidre kommune vurderer det slik at det (utover målet om talfesta befolkningsvekst) er naturleg at evalueringen gjennomførast i samband med den årlege revideringen av kommuneplanens fire-årige handlingsdel (inkludert økonomiplan).
 - Hytteforeningen foreslår at det utarbeidas ein eigen plan for utviklingen av Vaset. Dette sjåast som ei naturleg oppfølging av kommunens prioriterte satsing på dette området og vil ihensyntas i utarbeidinga av kommuneplanens handlingsdel.
 - Hytteforeningen presenterer ein del konkrete tiltak for utviklinga av hytteområda i kommunen. Nokre av desse vil vurderes i samband med utarbeidelsen av ny arealplan, ny bustadstrategi og i samband med det pågåande regionale prosjektet «berekraftig hytteutvikling».
 - Hytteforeningen foreslår konkrete tiltak for ivaretaking av naturområdene i kommunene. Dette er direkte knytta opp mot satsinga i nye kommuneplanen. Foreslåtte konkrete tiltak vil vurderas i samband med utarbeidinga av kommuneplanens handlingsdel.
- Innspel frå *Forum for natur og friluftsliv, Oppland (FNF Oppland)*:
 - FNF Oppland er oppteken av ivaretaking av naturen, inkludert friluftsområder, kulturlandskapsområder, biologisk mangfald og vatnforekomster. Administrasjonen vurderer det dithen at FNF Opplands innspel er godt imøtekommen gjennom kommuneplanens satsing på landbruk og lokalmatproduksjon, og på verdiane som denne satsinga er forankra i. Tilgjengeligheit for allmenheta og ivaretaking av naturen er eit uttalt mål som dukker opp fleire stader i kommuneplanen, ikkje minst i føringane for langsigte arealplanlegging. Meir konkrete innspel til korleis kommunen kan ivareta miljø og klima vil vurderas i samband med utarbeiding av kommuneplanens handlingsdel.

- FNF Oppland minner administrasjonen på viktigheita av brei medverkand i samband med alt planarbeid. Administrasjonen vurderer det slik at det har vore lagt til rette for brei medverkand gjennom ei rekke fora i utarbeidinga av kommuneplanens samfunnsdel. Administrasjonen vil påse at FNF Oppland vert inviterte til å gje innspel i kommunalt planarbeid også i framtida.
- Innspel frå *Olav Brenna Hansen*:
 - Olav Brenna Hansen etterlyser eit sterkare fokus på reiselivssatsinga i kommuneplanen. Han meiner reiseliv og hytteutvikling bør likestillas med kvarandre – og med landbruk og lokal matproduksjon som kommunens satsingsområder. Slik administrasjonen har vurdert det, inneber ei satsing på landbruk og lokal matproduksjon ei satsing på hytte- og reiselivsnæringa. Målet med utarbeidinga av ein tydeleg profil for kommunen er å tiltrekke fleire menneskjer til Vestre Slidre (som innbyggjarar og besøkande). Administrasjonen tek dei konkrete innspela med seg inn i arbeidet med kommuneplanens handlingsdel og som eit innspel inn i den regionale reiselivssatsinga. Administrasjonen vil dele innspela med Valdres Natur- og Kulturpark og Desitnasjon Valdres, som begge har eit særleg fokus på reiselivssatsinga på vegne av alle Valdres-kommunane.
 - Olav Brenna Hansen etterlyser vidare ein heilskapeleg visjon for utviklinga av Vaset som bustad-, hytte og næringsområde. Dette er eit tema som dukker opp i fleire av innspela. Administrasjonen vil i arbeidet med kommuneplanens handlingsdel leggje opp til utarbeidinga av ein langsiktig og heilskapeleg plan for utvikling av Vaset som kommunens prioriterte hyttesatsingsområde.
- Innspel frå *Anne Kari og Sissel Marit Vik*:
 - Anne Kari og Sissel Marit Vik ynskjer at kommunen «legg til rette for at hytter i eit begrensa omfang kan byggjas i stølsområder forutsatt at dette ikkje hindrer stølsdrift eller alminneleg ferdsel». Administrasjonen vurderer dette til å være problematisk i forhold til kommunens satsing på landbruk og lokal matproduksjon, og på kvalitetane som ligg i dette. Administrasjonen er bekymra for at ei opning for begrensa hyttebygging i stølsområdene vil innebære stor risiko for at kvaliteten i desse områda vil forringas på sikt. Forslaget vurderast ikkje som kompatibelt med kommuneplanens prioritering av fortetting av eksisterande hytteområder og ivaretaking av stølsområdene i kommunene.
- Innspel frå *Oppland Fylkeskommune* (motteken som uformelt innspel 29.05.2017). Fylkeskommunen er i stor grad nøyd med den nye kommuneplanen (samfunnsdel), men har følgjande kommentarar:
 - Fylkeskommunen etterlyser oversikta over befolkningas helse som noko av grunnlaget for prioriteringane. Fylkesmannen etterlyser også ei tydeleggjering av utfordringsbiletet i deler av dokumentet. Administrasjonen har, med utgangspunkt i eit ynskje frå kommunestyret om eit kortfatta og tilgjengeleg dokument, vurdert det dithen at utfordringsbiletet er godt dokumentert i grunnlagsdokumenta for kommuneplanen, mellom anna i kommunens utfordringsnotat. Alle grunnlagsdokument er tilgjengelege via kommunens heimesider.
 - Fylkeskommunen foreslår at kommunen spissar dei mange strategiane for å klare oppfølginga av samfunnsdelen på ei god måte. Vi tek med oss dette innspelet inn i arbeidet med kommuneplanens handlingsdel.
 - Konkrete innspel vil takas omsyn til i utarbeidinga av kommuneplanens handlingsdel.
 - Fylkeskommunen oppmodar kommunen til å sjå på den demografiske fordelinga og de utfordringane dette kan medføre ved breidd busetting. Statlege retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging vert vurdert i all arealplanlegging og tas omsyn til der det er vurdert hensiktsmessig.
 - Fylkeskommunen etterspør ei synleggjering av medverknadsprosessen i planutkastet. For å begrense omfanget av dokumentet har administrasjonen valt å legge dette ut saman med grunnlagsdokumenta på kommunens heimesider.
- Innspel frå *Statens Vegvesen*:
 - Statens Vegvesen har ingen merknadar til høyringsforslaget.

Saka vart behandla i formannskapet den 06.06.2017, med slikt vedtak:

Formannskapet vedtek å fremje vedlagte forslag til ny kommuneplan (samfunnsdel) for kommunestyret for endeleg vedtak 22.06.2017.

Forslag til vedtak:

I henhold til Plan og bygningsloven § 11-1 vedtek kommunestyre endeleg forslag til ny kommuneplan (samfunnsdel), gjeldande for perioden 2017-2029.

Behandling:

Repr. Rogn-Hamre: Forslag tillegg til vedtak:

Under pkt. om «Hytteutvikling» i samfunnsdelen ber kommunestyret om at følgjande setning setjast inn: «Fremje ei berekraftig hytteutvikling som ivaretek klima og miljø».

14 røyster for, 3 røyster mot

Repr. Brenna: Forslag tillegg til vedtak:

Kommunestyret ønskjer ei drøfting om områder for støling og områder for hyttebygging i arbeidet med arealdelen av kommuneplan.

Samrøystes

Forslag til vedtak: *Samrøystes*

KS-027/17 Vedtak:

I henhold til Plan og bygningsloven § 11-1 vedtek kommunestyre endeleg forslag til ny kommuneplan (samfunnsdel), gjeldande for perioden 2017-2029.

Under pkt. om «Hytteutvikling» i samfunnsdelen ber kommunestyret om at følgjande setning setjast inn: «Fremje ei berekraftig hytteutvikling som ivaretek klima og miljø».

Kommunestyret ønskjer ei drøfting om områder for støling og områder for hyttebygging i arbeidet med arealdelen av kommuneplan.

Melding sendt: